

## REFERAT

---

<b>Fra</b>	Anders Elling Petersen Johansen	
<b>Dato</b>	25 november 2021	
<b>Til stades:</b>	Ulf Sæterdal – Bergen kommune	(US)
	Aslaug Aalen - Bergen kommune	(AA)
	Magne Grostad - Bergen kommune	(MG)
	Karen Steinsvik Reinholdtsen – Bergen kommune	(KR)
	Mariann Lindau Langhelle – Bergen kommune	(MLL)
	Stein Hustveit	(SH)
	Helge Herrerros	(HH)
	Atle Sylvarnes - Backer AS	(AS)
	Håvard Fjæreide - Frydenbø Eiendom AS	(HF)
	Christian Flølo Geithus – Kanalveien 51-53 AS	(CFG)
	Lars Clementsen Pedersen – Bob	(LCP)
	Jørgen Madsen - Bonava	(JM)
	Taral Jensen - Opus	(TJ)
	Anders Elling P. Johansen – CMS Kluge (referent)	(AEPJ)

---

<b>Emne</b>	Referat møte nr. 6 mellom Grunneigarforumet og PBE	
-------------	--	--

---

### Agenda for møtet (rekkefylgje tilpassa at nokre deltakarar kom seint inn i møtet)

1. **Parkering (inntil 30 min)**
2. **Eventuelt**
3. **Planprosessar på Mindemyren (ca. 30 min samla på pkt. 2 og 3 – tema kan m.a. vere vidare møteplan og tema for diskusjon)**
4. **Tettleik på Mindemyren (30 min)**
5. **Digital 3d modell – presentasjon (30 min – pkt. 4 og 5 samla går litt inn i kvarandre)**

MG innleia møtet og gjekk gjennom agendaen.

#### 1. **Parkering**

KR innleia med ein kort presentasjon av fagnotatet om parkering.

Ei hovudtilbakemelding frå grunneigarane vil verte retta skriftleg mot byrådsavdelinga som no har fagnotatet til handsaming.

#### 2. **Eventuelt**

US orienterte om ny direktør for Plan- og bygningsetaten og ville innstille på at direktøren deltek i dei vidare møta med Grunneigarforumet.

Det var semje om å halde fram med ein møteserie, og at MG og AEPJ finn nokre datoar og held av for føremålet. Det blei spelt inn at det i 2022 kan haldast møte der fleire kommunale etatar deltek for å drøfte spørsmål av interesse for fleire.

### **3. Planprosessar på Mindemyren**

KR gjennomgjekk status i planprosessane på Mindemyren.

### **4. Tettleik på Mindemyren**

I forkant av møtet hadde Grunneigarforumet sendt over fylgjande to spørsmål som ein ynskte svar på i møtet.

1. Grunneigarforumet er opptatt av å ta utgangspunkt i fakta- og forskingsbasert kunnskap om kva tettleik som gir ein berekraftig bydel med sentrumsfunksjonar og byliv på Minde. Difor har ein også tatt utgangspunkt i UN-HABITAT sine prinsipp for berekraftig planlegging når vi har diskutert tettleik. Det er mogleg vi berre ikkje har oppfatta det, men kan de til dialogmøtet gjere greie for kva som er det faglege grunnlaget for fagetaten til ikkje å legge UN-HABITAT sine prinsipp til grunn?
2. Vi oppfattar at det er ei felles målsetjing at ein skal skape ein berekraftig bydel i Mindebyen med m.a. liv på gateplan gjennom døgnet, i motsetnad til at det skal bli ein «kontorørken». Spørsmålet er om fagetaten kan gjere greie for eitt eller fleire område i Bergen som fungerer slik intensjonen er for Mindemyren, og i så måte kan vere eit forbilete for utviklinga? Eventuelt supplert med døme frå andre kommunar.

I møtet gjekk TJ gjekk gjennom ein presentasjon frå Grunneigarforumet.

ML presenterte kommunen sitt syn ut frå vedlagde presentasjon om tettleik.

Synspunkta knytt til presentasjonane vart diskutert undervegs.

### **5. Digital 3d modell – presentasjon**

Ein gjekk ikkje nærare inn i 3D modellen i møtet. Modellen skal gjerast tilgjengeleg for alle som eit felles verktøy.